



Aukra kommune

| Planomtale | |
|-------------------|---------------------------|
| Plannamn: | Gossen motorsenter |
| Type plan: | Detaljregulering |
| Planid: | 1547202002 |
| Saksnummer: | PLAN-20/00138 |
| Datert: | 19.02.2024 |
| Sist revidert: | |
| Vedtaksorgan: | Kommunestyret |
| Vedtaksdato: | DD.MM.AAAA |
| Vedtaksnr. | PS-XX/XX |



Innhold

| | | |
|------|---|----|
| 1. | BAKGRUNN | 4 |
| 1.1 | Føremålet med planarbeidet | 4 |
| 1.2 | Tiltakshavar, plankonsulent | 4 |
| 1.3 | Eigedomstilhøve | 4 |
| 2. | TILHØVET TIL EKSISTERANDE PLANAR OG RETNINGSLINER | 5 |
| 2.1 | Kommuneplanen sin arealdel | 5 |
| 2.2 | Reguleringsplanar | 6 |
| 2.3 | Dispensasjonar | 7 |
| 2.4 | Retningslinjer | 7 |
| 3. | OMTALE AV PLANOMRÅDET, EKSISTERANDE TILHØVE | 8 |
| 3.1 | Planområdet si lokalisering | 8 |
| 3.2 | Planområdet si avgrensing og storleik | 8 |
| 3.3 | Topografi | 9 |
| 3.4 | Dagens arealbruk | 9 |
| 3.5 | Naturverdier etter naturmangfaldlova (verneområde, naturtyper, artar) | 10 |
| 3.6 | Kulturminne (automatisk freda, nyare kulturminne/krigsminne) | 11 |
| 3.7 | Jordbruk | 12 |
| 3.8 | Friluftsliv | 13 |
| 3.9 | Trafikktilhøve | 15 |
| 3.10 | Grunntilhøve (berggrunn, lausmasser, avklaring knytt til ustabil grunn) | 16 |
| 3.11 | Forureining (forureining i grunnen, støy) | 17 |
| 3.12 | Teknisk infrastruktur | 17 |
| 3.13 | Barn og unge sine interesser | 19 |
| 3.14 | Universell utforming | 19 |
| 4. | OMTALE AV PLANFORSLAGET | 19 |
| 4.1 | Planlagt arealbruk | 19 |
| 4.2 | Reguleringsføremål | 20 |
| 4.3 | Nærmare beskriving av reguleringsføremål/omsynssoner/rekkefølgeføresegner | 20 |
| 5. | RISIKO OG SÅRBARHEITSANALYSE (ROS-ANALYSE) | 23 |
| 6. | KONSEKVENSVURDERING | 30 |
| 7. | ØVREGE KONSEKVENSAV PLANFORSLAGET | 40 |
| 7.1 | Kulturminne | 40 |

| | | |
|-----|---|----|
| 7.2 | Naturverdiar..... | 40 |
| 7.3 | Jordbruk..... | 40 |
| 7.4 | Friluftsliv..... | 40 |
| 7.5 | Trafikktilhøve | 40 |
| 7.6 | Grunntilhøve | 40 |
| 7.7 | Teknisk infrastruktur | 40 |
| 7.8 | Barn og unge sine interesser..... | 34 |
| 7.9 | Universell utforming | 34 |
| 8. | PLANPROSESSEN | 35 |
| 8.1 | Oversikt over planprosessen..... | 35 |
| 8.2 | Melding om oppstart | 35 |
| 9. | VEDLEGG | 37 |
| | Vedlegg 1: Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter PBL | 37 |

1. BAKGRUNN

1.1 Føremålet med planarbeidet

Hovudføremålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for eit nytt fleirbruksanlegg for motorsport med tilhøyrande funksjonar på delar av eigedom gbnr 8/35 ved flyplassen på Gossen, Aukra kommune. Den nye reguleringsplanen vil samstundes inkludere eigedom gbnr 8/65 der Gossen motorklubb er heimelshavar, i tillegg til eksisterande crossbane for motorsyklar slik at ein får ein samla plan for motorsport på Gossen.

1.2 Tiltakshavar, plankonsulent

Tiltakshavar er Gossen motorklubb. Aukra kommune ved Eining for tekniske tenester har vore ansvarleg for utarbeiding av planforslaget.

1.3 Eigedomstilhøve

Innanfor planområdet er det to registrerte heimelshavarar. Det er fire naboeigedomar som grenser til planområdet, jf. tabell 1 og figur 1.

Etter at reguleringsplanen er vedteken skal den delen av eigedom gbnr 8/35 som omfattar motorsportføremåla slås saman med eigedom 8/102, og frådelast til eige gards og bruksnummer.

| EIGEDOM | HEIMELSHAVAR | MERKNAD |
|---------|---|--------------|
| 8/107 | Levi Løvik | Naboeigedom |
| 8/102 | Aukra kommune | Heimelshavar |
| 8/65 | Gossen motorklubb | Heimelshavar |
| 8/35 | Aukra kommune | Heimelshavar |
| 8/2 | Anne Marit Engstad Arne Falkhytten Lars Steinar Falkhytten Grete Synnøve Johansen Elin Falkhytten Ørjasæter | Naboeigedom |
| 8/1 | Ann Inngjerd Dale | Naboeigedom |
| 7/1 | Atle Løvik | Naboeigedom |

Tabell 1: Heimelshavarar innanfor planområdet, tilgrensande naboeigedomar.




Figur 1: Kartutsnitt som viser eigedomane oppgitt i tabell 1.

2. TILHØVET TIL EKSISTERANDE PLANAR OG RETNINGSLINER

2.1 Kommuneplanen sin arealdel

I kommuneplanen sin arealdel 2016-2028 er dei nord-vestlege og syd-austlege delane av planområdet avsett til detaljeringssone der reguleringsplan fortsatt skal gjelde (kpdetaljering – 910).

Dei sentrale delane av planområdet er avsett til LNF (landbruks-, natur- og friluftsføremål), samt omsynssone landbruk, jf. figur 2.



Figur 2: Utsnitt av kommuneplanen sin arealdel 2016-2028.

2.2 Reguleringsplanar


Det er to gjeldande reguleringsplanar heilt eller delvis innanfor planområdet i dag: Rothaugen industriområde (vedteken 16.10.2014 – planid 201402), og Gossen MC-klubb (vedteken 03.09.2009 – planid 200907), jf. figur 3.

Felt I2 i reguleringsplan for Rothaugen industriområde omfattar eksisterande bygningsmasse og uteområde på eigedom gbnr 8/65, og er i ny reguleringsplan føreslege omregulert frå arealføremålet «industri» til arealføremåla «annen særskilt angitt bebyggelse og anlegg» (sosi-kode 1590) og «motorsport» (sosi-kode 1460). Delar av uteområda på eigedom 8/65 skal nyttas til motorsportføremål, medan det største bygget på eigedomen vert nytta som klubbhus, dei avsette arealføremåla vert derfor vurdert til å vere passande for noverande og framtidig bruk. Klubbhuset og ei nærliggande garasje vert i tillegg vist i reguleringsplanen med føremålet «bebyggelse som inngår i planen». Nokre mindre bygningar og anlegg på eigedomen er restar som står att frå då eigedomen vart nytta til sikkerheitssenter og er tenkt fjerna, desse vert vist i reguleringsplanen med føremålet «bebyggelse som forutsettes fjernet».

Felt I3 i reguleringsplan for Rothaugen vert omregulert frå arealføremålet «industri» til arealføremålet «motorsport» (sosi-kode 1460).

Felt I2 og I3 i gjeldande reguleringsplan for Rothaugen industriområde vert erstatta i si heilheit, og vil ved vedtak av ny reguleringsplan verte oppheva med heimel i plan- og bygningslova § 12-14.

Gjeldande reguleringsplan for Gossen MC-klubb vert vidareført i si heilheit i ny reguleringsplan med oppdaterte arealformål i henhold til ny plan- og bygningslov (PBL 2008), og får samstundes føresegnene sine oppdatert og kvalitetssikra. Gjeldande reguleringsplan for Gossen MC-klubb vil ved vedtak av ny reguleringsplan verte oppheva med heimel i plan- og bygningslova § 12-14.



Figur 3: Gjeldande reguleringsplanar innanfor planområdet.

2.3 Dispensasjonar

Det er ingen vedtekne dispensasjonar innanfor planområdet.


2.4 Retningslinjer

- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/21).
- Handbok N100 - Veg- og gateutforming.
- Handbok V121 – Geometrisk utforming av veg- og gatekryss.

3. OMTALE AV PLANOMRÅDET, EKSISTERANDE TILHØVE

3.1 Planområdet si lokalisering

Planområdet ligg nord-vest på Gossen i Aukra kommune, og innanfor eigedomane gbnr 8/102, 8/65 og 8/35, jf. figur 4.



Figur 4: Planområdet si lokalisering på Gossen, vist med raud, stipla linje.

3.2 Planområdet si avgrensing og storleik

Planområdet vert naturleg avgrensa av tilgrensande naboeigedomar i nord og aust (gbnr 8/107, 8/2, 8/1 og 7/1), av den kommunale vegen Rishaugvegen i vest, og av den kommunale vegen Hellegota i syd, jf. figur 5.

Den totale storleiken på planområdet er om lag 188 daa, av dette utgjer eigedom gbnr 8/65 eit areal på 15.8 da, eksisterande crossbane for motorsyklar 59 da og landbruksjord 39 daa.



Figur 5: Planavgrensing, vist med raud, stipla linje.

3.3 Topografi

Dei nord-vestlege og syd-austlege delane av planområdet er utbygde med bygningar og crossbane for motorsyklar. Dei planlagde utbyggingsområda sentralt i planområdet er relativt flate.

3.4 Dagens arealbruk

Innanfor eigedom 8/65, lengst nord-vest i planområdet, ligg det eit tidlegare sikkerheitssenter nytta til brannøvingar. Eigedomen består av eit hovudbygg og fleire mindre bygg og installasjonar med tilhøyrande uteområde, og omfattar eit areal på 15.8 da. Det er Gossen motorklubb som er heimshavar på eigedomen i dag. Hovudbygget vert i hovudsak nytta som klubbhus og verkstad for medlemmane i klubben, men er og tilgjengeleg for barn og unge som ønsker opplæring i «mekking», samt for ulike lag og organisasjonar. I tillegg til opphaldsrom og verkstad, inneheld bygget fleire møterom, opphaldsrom, lager, og eit hobbyrom med mellom anna biljard og bordtennisbord. Delar av uteområda vert i dag nytta til ulike bilsportarrangement, som «drifting» etc.

Innanfor eigedom gbnr 8/35, om lag 170 meter aust for det tidlegare sikkerheitssenteret, ligg det ein traktorveg som vert nytta som tilkomst til dyrkamark og sanduttak nord for planområdet. I samband med etablering av nye motorsportføremål i dette området skal denne traktorvegen flyttast slik at den ikkje kjem i konflikt med dei nye tiltaka som er tenkt etablert, samt for å fortsatt sikre tilkomst til sanduttak og dyrkamark. Dette er teke inn som e rekkefølgjekrav i reguleringsføresegnene, og det er Gossen motorklubb som skal stå for etablering av ny traktorveg slik det går fram av plankart med tilhøyrande føresegnar.

Innanfor eigedom 8/35, om lag 250 meter aust for det tidlegare sikkerheitssenteret, ligg det eit inngjerda område på om lag 4 da som vert nytta av Gossen hundeklubb til lufting og trening av hundar. I samband med etablering av nye motorsportføremål i dette området skal dette området flyttast til eit tilsvarande stort erstatningsareal ved flyplassen på motsett side av Rishaugvegen. Dette er teke inn som ei rekkefølgekrav i reguleringsføresegnene, og det er Gossen motorklubb som skal stå for nedtaking av eksisterande gjerde, samt flytting og oppsetting av dette på ny plassering slik det går fram av plankart med tilhøyrande føresegner.

Sentralt i planområdet er det eit areal på 39 da som i dag vert nytta til jordbruksføremål (forproduksjon, beite av storfe). Statsforvaltaren i Møre og Romsdal tillet i utgangspunktet ikkje omdisponering av dyrkajorda, sjå ytterlegare informasjon under punkt 3.7 Jordbruk.

Innanfor eigedom 8/35 og 8/102, lengst sør-aust i planområdet, ligg det ei eksisterande crossbane for motorsyklar, og ei knøttebane for opplæring av barn og unge. Den eksisterande crossbana og knøttebana vert omfatta av ein gjeldande reguleringsplan, og blir vidareført i ny reguleringsplan. Gossen har eit relativt gunstig vinterklima, og den eksisterande crossbana er ei av dei få i distriktet som også kan nyttast om vinteren.

3.5 Naturverdiar etter naturmangfaldlova (verneområde, naturtyper, artar)

Karttenesta GISLINK er nytta for å undersøke om planområdet inneheld verneområde, naturtyper eller artar av forvaltningsmessig interesse, og det er funne fylgjande registreringar:

| Art | Kategori | Beskrivelse | Reg. dato | Delområde |
|--|---|--------------------------------------|------------|-----------|
| Brushane (<i>Calidris pugnax</i>) | Sårbar (VU) i Norsk rødliste for arter | Enkeltobservasjon, næringssøkende | 18.08.2023 | Alt 1 |
| Tårnseiler (<i>Apus apus</i>) | Nær truet (NT) i Norsk rødliste for arter | Enkeltobservasjon, næringssøkende | 18.08.2023 | Alt 1 |
| Stær (<i>Sturnus vulgaris</i>) | Nær truet (NT) i Norsk rødliste for arter | Enkeltobservasjon, næringssøkende | 12.10.2023 | Alt 1 |

Tabell 2: Registrerte artar av forvaltningsmessig interesse innanfor planområdet



Figur 5.1: Kartutsnitt som viser observasjonane i tabell 2 (Naturbase).

Ved synfaring i planområdet er det observert fleire bestander av Hagelupin (*Lupinus polyphyllus*), ei fleirårig staude oppført på [fremmedartlista 2023](#). I tillegg er Sitkagran (*Picea sitchensis*) nytta til leplanting i området. Dei framande artane er tema i ROS-analysen under punkt 5 i denne planomtalen, og vert omtalt nærmare i konsekvensvurderinga under punkt 6.

3.6 Kulturminne (automatisk freda, nyare kulturminne/krigsminne)

Karttenesta GISLINK er nytta for å undersøke om planområdet inneheld automatisk freda eller nyare tids kulturminne, men det er ikkje funne nokre registreringar.

Det meste av planområdet er allereie utbygd, og resterande areal består av jordbruksareal og open fastmark der det er utført gravearbeid, det vert derfor vurdert som lite sannsynleg at området inneheld automatisk freda kulturminne.


Flyplassen på Gossen er i Riksantikvaren si teneste Askeladden beskrive som eit regionalt viktig krigsminne, og har vernestatus etter «regional delplan for kulturminner i Møre og Romsdal». Størstedelen av Gossen blei under 2. verdskrigen rekvirert til flyplass av tyske styrkar, og det var opp mot 2000 soldatar, 850 krigsfangar, 1500 utskrevne nordmenn og 600 sivile, i tillegg til 1200 fastbuande. Rullebanene på Gossen skulle være 1650 meter, og

ved å ha rullebaner i alle retningar skulle den kunne brukast under alle vêrforhold. Den var berekna for jagarfly og jagarbombere. Rullebana er i dag om lag 550 meter, og vert nytta av småfly og til modellflyging. Planforslaget omfattar ikkje sjølve flyplassen, kun eksisterande parkering knytt til tursti, og eit framtidig areal til lufting og trening av hundar (hundepark).

3.7 Jordbruk

Om lag midt i planområdet ligg det eit areal med dyrkamark som utgjer om lag 39 da, jf. figur 6. Arealet vert nytta til forproduksjon og beite, og vert slått 2-3 gongar per år. Det er Aukra kommune som eig dette arealet, men det føreligg ei gjeldande leigeavtale. Kommunen ser det som uheldig at dyrkamarka fragmenterer planområdet, både med omsyn til den planlagde bruken til motorsportføremål og tilkomsten mellom dei ulike anlegga, men også med tanke på drift av dyrkamarka. Kommunen ønskte derfor i utgangspunktet å søke å få omdisponert dyrkajorda til motorsportføremål, men det skisserte omfanget av omdisponeringa vart ikkje akseptert av Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. I sin merknad til melding om oppstart, datert 18.10.2021, skriv Statsforvaltaren at dei kan akseptere ei omdisponering av eit areal på inntil 2 dekar, under føresetnad at matjordlaget vert flytta til eit område der den kan takast i bruk til nydyrking, og då helst som utviding av eksisterande teig. Kommunen fikk tilsendt reviderte baneteikningar frå Gossen motorklubb den 04.09.2023 som viser aktuelt areal som må omdisponerast for å få til planlagt banetrase på det framtidige fleirbruksanlegget, og dette vert tatt omsyn til i plankartet (kommunen ønsker ikkje at omdisponeringa fører til at den eksisterande dyrkajorda vert fragmentert/delt, og ser helst at det i samband med etablering av nye motorsportføremål i området framleis vert ein samanhengande tilkomst mellom dei austlege og vestlege delane av dyrkajorda).

I den nye reguleringsplanen er dyrkajorda gitt arealføremålet «jordbruk» (sosi-kode 5111) med tilhøyrande føresegner, dette vert gjort for å oppnå eit heilheitleg og samanhengande planområde.




Figur 6: Utsnitt frå gardskart.no som viser dyrkajorda innanfor planområdet.


3.8 Friluftsliv

Sjølve planområdet vert ikkje nytta til friluftsføremål, då det er betre eigna areal til dette i nærområda. Ein populær tursti går frå Rothaugen nord for planområdet, og vidare til Kleivhaugen (0,77 km) eller Purkeneset (1,7 km). Dette området er gitt status «viktig friluftsområde» i datasettet «kartlagte friluftsområder», jf. figur 6.1

Ein annan populær tursti går frå flyplassen på Gossen, og vidare mot ein stikkut post 700 meter lengre vest, jf. figur 7. Dette området er gitt status «svært viktig friluftsområde» i datasettet «kartlagte friluftsområder», jf. figur 6.1.



Figur 6.1: Kartlagte friluftsområder med verdien «viktig» og Svært viktig».



Figur 7: populære turløyper i nærleiken av planområdet, vist med svart strek.

3.9 Trafikktilhøve

Karttenesta vegkart er nytta for å finne informasjon om trafikktilhøva i planområdet.

Tilkomsten til planområdet skjer over den kommunale vegen Rishaugvegen (KV1087). Fartsgrensa på vegen er 50 km/t. Det føreligg ikkje trafikkmålingar for kommunale vegar, og ÅDT er derfor ikkje kjent.

Det er tre hovudavkøyrslar frå vegen; ein til det tidlegare sikkerheitssenteret på eigedom gbnr 8/65, ein til flyplassen, og ein til eksisterande crossbane for motorsyklar. Desse tre avkøyrslene vert vidareført i plankartet som «p_KV1» og «f_KV2-3», med tilhøyrande tekst i reguleringsføresegnene (radius, opparbeiding etter krava i handbok N100). Det er opparbeidd ein enkel avkøyrsl til eit inngjerda område som vert nytta til lufting og trening av hund, dette området skal flyttast til eit erstatningsareal ved flyplassen på andre sida av Rishaugvegen, men avkøyrslen vert vidareført for å sikre tilkomst til tilgrensande jordbruksareal. Ein avkøyrsl til eksisterande traktorveg vert fjerna då den kjem i konflikt med planlagt fleirbruksanlegg for motorsport, dette er tatt inn i reguleringsføresegnene som ei rekkefølgebestemmelse. Forslag til ny trase for traktorvegen vert vist i plankartet med reguleringsføreemålet «køyreveg» (sosi-kode 2011) med tilhøyrande tekst i reguleringsføresegnene.

Bussrute 561 passerer planområdet i syd. Nærmaste busstopp ligg ved krysset mellom Hellegota og Løvikvegen om lag 700 meter aust for planområdet, og i krysset mellom Hellegota og Rindarøyvegen om lag 1200 meter vest for planområdet.


Det er ingen registrerte trafikkulykker på vegene i, eller i nær tilknytning til planområdet.

3.10 Grunntilhøve (berggrunn, lausmasser, avklaring knytt til ustabil grunn)

Berggrunnskart N50 viser at berggrunnen i planområdet består av åregneis (mørk, med mye granat, amfibol og biotitt). Gneis er ein av dei vanlegaste bergartane våre, og er omdanna frå ein eller fleire andre bergartar, etter å ha vore utsett for stort trykk og varme. Gneis er mykje nytta til byggjeråstoff og naturstein.

Lausmassekart viser at grunnen der dei nye tiltaka er tenkt etablert består av fyllmasse (lausmasser som er tilført eller sterkt påverka av menneskeleg aktivitet). Eksisterande crossbane for motorsyklar og mindre delar av eksisterande bygningar på eigedom 8/65 ligg på marine strandavsetningar, stordelen av Gossen ligg også under marin grense. Kvikkleire kan finnast i områder med marine avsetningar, men kommunen er ikkje kjent med at eksisterande bygg på 8/65 eller eksisterande crossbane for motorsyklar har opplevd problem knytt til ustabil grunn.

I 2023 henta kommunen inn kompetanse frå konsultentselskapet Sweco As for å gjennomføre geotekniske undersøkingar og vurderingar av kvikkleirefare for Gossen. Konklusjonen etter undersøkingane/vurderingane var at det «Basert på grunnlag bestående av løsmassekart, kartlagt berg i dagen, tidligere utførte grunnundersøkelser, observasjoner under befaring, intervju med erfaren lokalkjent grunnentreprenør, og utførte grunnundersøkelser, vurderes tilstrekkelig grunnlag for å vurdere områdestabilitet ivaretatt for Gossen». Kommunen har utifrå dette vurdert at det ikkje er behov for nærmare avklaringar knytt til grunntilhøva. Sluttrapporten frå undersøkingane/vurderingane vert vedlagt saka når denne skal til høyring og offentlig ettersyn/eigengodkjenning.



Figur 8: Kartutsnitt frå NGU som viser lausmassene innanfor området.

3.11 Forureining (forureining i grunnen, støy)

Eigedom gbnr 8/65 har tidlegare vore nytta som sikkerheitssenter knytt til brannøvingar, og på delar av uteområda har det vore nytta olje og andre kjemikaliar som til dømes brannskum. Det er etablert eit oppsamlingsbasseng der overflatevatnet vart leda til, og som vidare vart pumpa til ein oljeutskillar. Undersøkingar som er gjennomført i ettertid har vist at det i overflatevatnet er forhøgde verdiar av mellom anna PFOS. Forureining i grunnen er tema i ROS-analysen under punkt 5 i denne planomtalen, og vert omtalt nærmare i konsekvensvurderinga under punkt 6.

Innanfor delar av eigedom 8/35 har det tidlegare vore avfallsdeponi for hushaldningsavfall. Undersøkingar som er gjennomført av overflatevatn og sivevatn har vist at det er forureining over terskelverdiane. Forureining i grunnen er tema i ROS-analysen under punkt 5 i denne planomtalen, og vert omtalt nærmare i konsekvensvurderinga under punkt 6. Det tidlegare avfallsdeponiet er vist i plankartet med omsynssone/sikringsone og tilhøyrande tekst i føresegnene.

Det er gjennomført gassmålingar i området der det tidlegare har vore avfallsdeponi for hushaldningsavfall for å undersøke om grunnen kan innehalde metan eller andre gassar, men det er ikkje registrert verdiar av eit slikt omfang at det kan medføre fare.

Innanfor området avsett til nye motorsportføremål er det tenkt etablert eit fleirbruksanlegg med moglegheit for gokart, drifting og motard. Det vil bli generert ein del støy frå ordinær køyring, rusing av motor og kvining i dekk. Det vart gjennomført støyvurdering for det planlagde tiltaket i 2021, rapporten vert vedlagt saka når denne skal til høyring og offentleg ettersyn.

Det vart utarbeidd støyvurdering for den eksisterande crossbana for motorsyklar i 2009 når reguleringsplanen vart utarbeidd, og på nytt i 2023. Rapportane frå støyvurderingane vert lagt ved saka når den skal til høyring og offentleg ettersyn. Støy er tema i ROS-analysen under punkt 5 i denne planomtalen, og vert omtalt nærmare i konsekvensvurderinga under punkt 6.

3.12 Teknisk infrastruktur

På området som er tenkt nytta til nye motorsportføremål ligg det i dag ei 110 mm kommunal hovudvassleidning, jf. figur 9. Det skal startast opp arbeid med etablering av ei ny 225 mm hovudvassleidning i området utover 2024 for å styrke forsyningskapasiteten til Vicenco sitt anlegg på Rindarøya, og denne nye hovudvassleidninga vil då bli forsøkt etablert på eit område der den ikkje kjem i konflikt med eksisterande eller nye motorsportføremål. Den eksisterande vassleidninga vil ikkje verte fråkopla, og skal fortsatt vere i bruk. Det kan grusast/asfalterast over den eksisterande vassleidninga, men det kan ikkje etablerast jordvollar eller bygningar i ei breidde på 4 meter til kvar side med omsyn til eventuell tilkomst ved naudsynt vedlikehald mv. Vassleidninga vert vist i plankartet med omsynssone og tilhøyrande tekst i føresegnene.

På erstatningsarealet til Gossen hundeklubb ligg det i dag ei kommunal avløpsleidning, jf. figur 9. Gjennomføring av aktuelle tiltak innanfor dette området skal skje i samråd med relevant fagansvarleg i Aukra kommune slik at avløpsleidninga ikkje står i fare for å verte

skada. Avløpsleidninga vert vist i plankartet med omsynssone og tilhøyrande tekst i føresegnene.



Figur 9: Kartutsnitt som viser dei kommunale vatn- og avløpsleidningane som ligg innanfor planområdet.

På delar av området der det skal etablerast nye motorsportføremål er det etablert eit kanalsystem for drenering av vatn frå tilgrensande jordbruksområde som skal vidareførast, jf. figur 10. I samband med nye tiltak innanfor planområdet skal overvatn som hovudsak førast til opne grøfter/kanalar. Tilstrekkeleg dimensjonerte rør eller andre metoder for avledning av overvatn kan nyttast der det vert sett på som føremålstenleg/naudsynt. Alle tiltak knytt til overvatn skal dimensjonerast for framtidig auke i ekstremver.



Figur 10: Kartutsnitt som viser eksisterande kanalsystem som i området der nye motorsportføremål er tenkt etablert (blå strek).

3.13 Barn og unge sine interesser

Eksisterande crossbane for motorsyklar har ei eiga bane eigna for barn og unge til opplæring og rekruttering. Hovudbygget på eigedom gbnr 8/64 er tilgjengelig for barn og unge som ønsker opplæring i «mekking», og der er i tillegg eit hobbyrom med mellom anna biljardbord og bordtennis.

Det er ikkje etablert gang- og sykkelveggar til anlegget og barn og unge må enten ferdast langst vegen eller køyrast til området.

3.14 Universell utforming

Eksisterande hovudbygg på eigedom gbnr 8/65 er vurdert til å være i samsvar med krava til universell utforming når det gjeld inngangsparti, toalettfasilitetar og øvrege rom som er tilgjengeleg for publikum.

Parkeringsplass og uteområde på eigedom gbnr 8/65 er vurdert til å vere i samsvar med krava til universell utforming (tilstrekkeleg plass til køyretøy tilpassa funksjonsnedsette, kort avstand til hovudinngang, stigningstilhøve etc.).

Eksisterande crossbane for motorsyklar vert i hovudsak nytta av utøvarar, og eventuelt publikum må stå på eksisterande støyvollar for å få med seg køyringa. Eksisterande fasilitetar for publikum er derfor ikkje i samsvar med krava til universell utforming.

4. OMTALE AV PLANFORSLAGET

4.1 Planlagt arealbruk

Planlagt arealbruk er etablering av eit fleirbruksanlegg for motorsport med moglegheit for gokart, drifting og motard, som skal kunne brukast av alle aldersgrupper til trening, konkurranser og opplæring.

I området der eksisterende motorcrossbane er etablert skal eksisterende knøttebane utvidast i omfang for å verte betre eigna for trening og opplæring av barn og unge i motorsykkelkjøring.

4.2 Reguleringsføremål

Planforslaget omfattar fylgjande reguleringsføremål/omsynssoner/rekkefølgjeføresegner:

Bebyggelse og anlegg (PBL § 12-5, nr.1)

Annen særskilt angitt bebyggelse og anlegg - klubbhus (ASB1)

Motorsportanlegg (MOT1)

Motorsportanlegg (MOT2)

Fellesføresegner gjeldande for MOT1 og MOT2

Annen særskilt angitt bebyggelse og anlegg – Brakke (ASB2)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)

Veg (o_V)

Køyreveg (p_KV1, f_KV2-3)

Traktorveg (f_TV)

Annen veggrunn – tekniske anlegg (o_AVT)

Parkering (P1-2)

Grønnstruktur (PBL § 12-5, nr.3)

Friområde (Hundepark)

Vegetasjonsskjerm (VS)

Landbruks-, natur- og friluftsføremål (PBL § 12-5, nr.5)

Jordbruk (J)

Sikrings-, støy og faresoner (PBL § 11-8)

Frisikt (H140)

Andre sikringssoner – kommunal hovudvassleidning (H190-1)

Andre sikringssoner – kommunal avløpsleidning (H190-2)

Andre sikringssoner – tidlegare avfallsdeponi (H190-3)

Rekkefølgjeføresegner

Flytting av traktorvei

Flytting av innegjerda område

4.3 Nærmare beskriving av reguleringsføremål/omsynssoner/rekkefølgjeføresegner

Bebyggelse og anlegg

ASB1 omfattar arealføremålet «annen særskilt angitt bebyggelse og anlegg». Føremålet inkluderer hovudbygget og ei tilliggande garasje på eigedom 8/65 som i hovudsak vert benytta som klubbhus og verkstad for medlemmar av Gossen motorklubb.

MOT1 omfattar uteområda på eigedom 8/65 og delar av eigedom 8/35, og skal nyttast til nye motorsportføremål i form av eit fleirbruksanlegg tilpassa gokart, drifting og motard.

MOT 2 omfattar eksisterande crossbane for motorsyklar, og knøttebane for trening og opplæring av barn og unge.

ASB2 omfattar eksisterande brakke for opphald og lagring av utstyr som er etablert innanfor området for eksisterande crossbane for motorsyklar. Det er innlagt vatn og avløp.

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

o_V omfattar den kommunale vegen Rishaugvegen som er hovudtilkomstvegen inn til planområdet.

p_KV1 omfattar eksisterande avkøyring og tilkomstveg til eksisterande crossbane.

f_KV2-3 omfattar eksisterande avkøyring og tilkomst til flyplassområdet, og til hovudbygget på eigedom 8/65.

f_TV omfattar forslag til ny trase for traktorveg for å sikre fortsatt tilkomst til sanduttak, dyrkamark og planlagt tursti nord for planområdet. Traktorvegen skal som minimum grusast og etablerast i tilsvarande breidde som eksisterande traktorvei (3,2 meter). Traktorvegen skal vere tilgjengelig i perioder utan annan aktivitet på eigedom gbnr 8/65.

o_AVT omfattar areal som ligg til dei offentlege vegane innanfor planområdet, som grøfter og andre anlegg og installasjonar som det vert sett på som naturleg å etablere innanfor desse areala.

P omfattar eksisterande parkeringsplassar innanfor planområdet og som vert vidareført ved eksisterande crossbane for motorsyklar, og ved flyplassen der erstatningsarealet til Gossen hundeklubb skal etablerast.

Grønstruktur (PBL § 12-5, nr.3)

HUNDEPARK omfattar erstatningsareal til Gossen hundeklubb, regulert til friområde/hundepark. Arealet skal brukast til aktivitetar knytt til hund. Det kan settast opp mindre bygg for opphald og lagring av nødvendig utstyr, og det kan settast opp ulike anlegg som er naudsynte for trening og bruk av området til føremålet (gjerde, gjerdeport, benkar, bane for agility eller andre trenings-/konkurransedisiplinar m.m.). Hundeposar og søppeldunk skal vere tilgjengeleg.

VS omfattar areal for støyskjemingstiltak rundt eksisterande crossbane for motorsyklar og knøttecrossbane vist i planforslaget med arealføremålet «vegetasjonsskjerm».

Sikrings-, støy og faresoner (PBL § 11-8)

H140 omfattar frisktsoner i dei tre avkøyringane innanfor planområdet (p_KV1, f_KV2-3) Fartsgrensa er 50 km/t, og friskta er sett til 4 x 45 m i h.h.t. handbok N100/V121, vist på plankartet som sikringssone.

H190-1 omfattar omsyn/sikringssone på 4 meter til kvar side av kommunal hovudvassleidning.

H190-2 omfattar sikringssone på 4 meter til kvar side av kommunal avløpsleidning.

H190-3 omfattar sikringssone rundt tidlegare avfallsdeponi.

Rekkefølgeføresegner

Flytting av traktorvei. Før arbeid med utbygging av nye motorsportføremål vert starta opp innanfor den delen av eigedom 8/35 der den eksisterande traktorvegen ligg i dag, skal eksisterande traktorveg vere flytta til nytt område i h.h.t. reguleringsplanen, slik at eksisterande sanduttak og dyrkamark nord for planområdet vert sikra fortsatt tilkomst.

Flytting av inngjerda område. Før arbeid med utbygging av nye motorsportføremål vert starta opp innanfor den delen av eigedom 8/35 der Gossen hundeklubb er etablert i dag, skal eksisterande gjerde vere flytta til erstatningsområdet ved flyplassen på motsett side av Rishaugvegen i h.h.t. reguleringsplanen. Dette inkluderer nedtaking og fjerning av eksisterande gjerde og gjerdeport, oppsetting av gjerde og gjerdeport på nytt område, eventuell flytting av eksisterande brakke for oppbevaring av utstyr, samt eventuell vegetasjonsrydding/planering for å gjere området klart til bruk.

5. RISIKO OG SÅRBARHEITSANALYSE (ROS-ANALYSE)

Plan og bygningslova § 4-3 krev at det skal utarbeidast ROS-analyse i alle planar for utbygging:

«Ved utarbeidelse av planer for utbygging skal planmyndigheten påse at risiko- og sårbarhetsanalyse gjennomføres for planområdet, eller selv foreta slik analyse. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarhetsforhold som har betydning for om arealet er egnet til utbyggingsformål, og eventuelle endringer i slike forhold som følge av planlagt utbygging. Område med fare, risiko eller sårbarhet avmerkes i planen som hensynssone, jf. §§ 11-8 og 12-6. Planmyndigheten skal i arealplaner vedta slike bestemmelser om utbyggingen i sonen, herunder forbud, som er nødvendig for å avverge skade og tap».

Det er gjennomført ei vurdering av risiko- og sårbarheit i samsvar med plan og bygningslova § 4-3. Metode for gjennomføring av ROS-analysen tek utgangspunkt i rettleiaren "Samfunnstryggleik i kommunens si arealplanlegging" (2018) utarbeidd av Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB), og består av fylgjande:

- 1- Sjekkliste for Identifikasjon av potensielle, uønska hendingar (statsforvaltaren)
- 2- Vurdering av sannsynlegheit og konsekvens (DSB)

Kommentar til punkt 1:

Det er statsforvaltaren si sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova som er nytta til å identifisere potensielle, uønska hendingar. Utfylt sjekkliste ligg under vedlegg 1:

I sjekklista er det identifisert fem potensielt uønska hendingar som vil verte nærmare vurderte, desse e:

- 1 Forureining i form av lyd (miljø/landbruk, bokstav a).
- 2 Fare for akutt forureining (miljø/landbruk, bokstav b).
- 3 Fare for spreing av framande artar (miljø/landbruk, bokstav c).
- 4 Kjent forureining i området (er området påverka/ureina frå tidlegare bruk, bokstav c, første avsnitt)
- 5 Kjent forureining i området (er området påverka/ureina frå tidlegare bruk, bokstav c, andre avsnitt).

Kommentar til punkt 2:

Dei fem identifiserte uønska hendingane frå sjekklista vert nærmare vurdert i eige tilpassa skjema basert på informasjon i DSB sin rettleiar «Samfunnstryggleik i kommunens si arealplanlegging» (2018).

I det tilpassa skjemaet er fylgjande sannsynlegheitskategoriar nytta:

| Sannsynlighetskategorier | Tidsintervall | Sannsynlighet per år |
|--------------------------|--|----------------------|
| Høy | Oftere enn 1 gang i løpet av 10 år | > 10 % |
| Middels | 1 gang i løpet av 10-100 år | 1-10 % |
| Lav | Sjeldnere enn 1 gang i løpet av 100 år | < 1 % |

I det tilpassa skjemaet er fylgjande konsekvenskategoriar nytta:

| Konsekvens | Liv og helse | Natur og miljø | Materielle verdier |
|-------------------|---------------------------------|---|--|
| Stor | Dødsfall /kritiske personskader | Alvorlig skade med konsekvenser som vil ta lang tid å rette opp | Store materielle skader, verdi over 10 000 000 |
| Middels | Alvorlige personskader | Omfattende skade med konsekvenser som vil ta noe tid å rette opp. | Middels store materielle skader, verdi mellom 1 000 000 – 10 000 000 |
| Liten | Mindre eller ingen personskader | Liten lokal skade uten særlige konsekvenser | Mindre materielle skader, verdi mellom 100 000 – 1 000 000 |

| PUNKT 1 IDENTIFISERT UØNSKA HENDING - FORUREINING I FORM AV LYD | | | |
|---|---|---------|--------------------|
| BESKRIVELSE AV UØNSKA HENDING | Planforslaget legg til rette for at det kan etablerast eit nytt fleirbruksanlegg for motorsport, med gokart, drifting og motard der det vil bli generert støy utifrå normal køyring, rusing av motor og kvining i dekk. Planforslaget omfattar også eksisterande crossbane for motorsyklar der det vert kjørt med motorsyklar opp til 450 cc, som genererer støy utifrå normal køyring. Støy er nærmare omtalt i konsekvensvurderinga under punkt 5 i denne planomtalen. | | |
| SANNSYNLEGHEIT | HØG | MIDDELS | LÅG |
| | | | |
| KOMMENTAR | Grunna type aktivitet og køyretøy som er tenkt nytta, samt omfanget av trening og konkurransar vert sannsynlegheita for at støy oppstår sett til høg. | | |
| KONSEKVENNS | HØG | MIDDELS | LÅG/IKKJE RELEVANT |
| LIV OG HELSE | | | |
| NATUR OG MILJØ | | | |
| MATERIELLE VERDIAR | | | |
| KOMMENTAR | <p>Konsekvensen av støy for liv og helse vert sett til låg knytt til at det skal etablerast avbøtande tiltak i henhald til gjennomførte støyvurderingar slik at støynivåa kjem innanfor akseptable verdiar.</p> <p>Konsekvensen av støy på natur og miljø vert sett til som liten, utan særlege konsekvensar.</p> <p>Konsekvensen for støy på materielle verdiar vert sett til liten/ikkje relevant.</p> | | |
| AVBØTANDE TILTAK | <p>Det er gjennomført støyvurdering for det planlagde fleirbruksanlegget for motorsport med nærmare beskriving av forslag til avbøtande tiltak for at støynivået skal kome innanfor akseptable krav. Støyvurderinga er vedlagt saka (Sweco 2021).</p> <p>Det blei gjennomført støyvurdering av crossbane for motorsyklar i samband med utarbeiding av reguleringsplanen i 2009, og denne er seinare revidert grunna utvida banetrase og endra aktivitetsnivå. Støyvurderingane er vedlagt saka (Kilde Akustikk, 2009 – Multiconsult, 2023).</p> <p>Det blei gjennomført støymåling på eksisterande crossbane for motorsyklar under kjøring over tre dagar i august 2022. Støymålingane viste at støynivåa, med unntak av nokre enkelthendingar, var innanfor tilrådde grenseverdiar i «Retningsline for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021).</p> <p>I 2023 blei støyvollane på den eksisterande crossbane for motorsyklar rehabilitert og auka i høgde.</p> | | |
| EKSISTERANDE BARRIERER | Støyvollar er etablert ved den eksisterande crossbana for motorsyklar. | | |

| PUNKT 2 IDENTIFISERT UØNSKA HENDING – FARE FOR AKUTT FORUREINING | | | |
|--|--|---------|--------------------|
| BESKRIVELSE AV UØNSKA HENDING | Planforslaget legg til rette for at det kan etablerast eit nytt fleirbruksanlegg for motorsport, med gokart, drifting og motard. Det skal køyrast med ulike typer bilar, mogleg fleire samstundes, og det er derfor ei viss moglegheit for at det kan oppstå ulukker som til dømes utforkøyring mv., med påfølgande fare for akutt forureining, skade på førar, publikum og materielle verdiar. | | |
| SANNSYNLEGHEIT | HØG | MIDDELS | LÅG |
| | | | |
| KOMMENTAR | Sannsynlegheita for at det kan oppstå ei ulykke vert sett til låg grunna strenge krav til sikkerheit for bane, køyretøy og førar. | | |
| KONSEKVENNS | HØG | MIDDELS | LÅG/IKKJE RELEVANT |
| LIV OG HELSE | | | |
| NATUR OG MILJØ | | | |
| MATERIELLE VERDIAR | | | |
| KOMMENTAR | <p>Ei ulykke kan medføre alvorleg skade eller død på førar og/eller publikum, og konsekvensen vert derfor sett til høg.</p> <p>Ei ulykke kan føre til akutt forureining, men konsekvensen vert sett til låg grunna strenge krav til førebyggjande og aktive tiltak dersom det skulle skje.</p> <p>Ei ulykke kan medføre skader på materielle verdiar og medføre kostnader til reparasjon og opprydding, konsekvens vert sett til låg då det er lite truleg at eventuelle kostnader vil passere 1 000 000.</p> | | |
| AVBØTANDE TILTAK | <p>Baner for motorsport skal teiknast av personar med tilstrekkeleg kompetanse til slikt arbeid, og baneteikningane skal vere godkjent av relevant nasjonalt motorsportforbund</p> <p>Baner for motorsport er underlagt strenge krav til sikkerheit for å unngå sannsynlegheita for at det skal oppstå ulukker, og for å redusere konsekvensane om det skulle skje ei ulykke.</p> <p>Dei ulike køyretøya som skal nyttast må oppfylle nødvendige sikkerheitskrav.</p> <p>førar må ha tilstrekkeleg opplæring og erfaring, og eventuelt relevante sertifikat der det er eit krav.</p> | | |
| EKSISTERANDE BARRIERER | Ingen. | | |

| PUNKT 3 IDENTIFISERT UØNSKA HENDING – FARE FOR SPREIING AV FRAMANDE ARTAR | | | |
|---|---|---------|--------------------|
| BESKRIVELSE AV UØNSKA HENDING | Ved synfaring i planområdet i 2023 vart det observert større bestandar av Hagelupin (<i>Lupinus polyphyllus</i>), i tillegg er Sitkagran (<i>Picea sitchensis</i>) nytta til leplanting på tilgrensande område med frøplanter observert innanfor planområdet. Framande artar er nærmare omtalt i konsekvensvurderinga under punkt 5 i denne planomtalen. | | |
| SANNSYNLEGHEIT | HØG | MIDDELS | LÅG |
| | | | |
| KOMMENTAR | Hagelupin og sitkagran har stor evne til formeiring og etablering, og sannsynlegheita for ytterlegare spreiiing av desse artane vert derfor sett til høg. Mest aktuelle spreiiingsmåte for hagelupin vil vere i samband med gravearbeid innanfor planområdet der masser som inneheld frø eller jordstenglar vert tatt i bruk på andre stader der arten tidlegare ikkje er etablert. Manglande reingjering av maskiner og utstyr kan føre til ytterlegare spreiiing. Mest aktuelle spreiiingsmåte for sitkagran er vindspreiiing av frø frå tilgrensande leplantefelt, og påfølgande oppspiring av frøplanter. | | |
| KONSEKVENNS | HØG | MIDDELS | LÅG/IKKJE RELEVANT |
| LIV OG HELSE | | | |
| NATUR OG MILJØ | | | |
| MATERIELLE VERDIAR | | | |
| KOMMENTAR | Konsekvensen av spreiiing av framande artar for liv og helse vert sett til låg/ikkje relevant. Hagelupin og Sitkagran er oppført på framandartlista 2023 med kategori svært høg økologisk risiko, som er høgaste kategori, og det er derfor ønskelig å begrense ytterlegare spreiiing så langt det er realistisk mogleg. Innanfor planområdet er det ikkje observert andre artar av forvaltningsmessig interesse, og saman med planlagt bruk av området til motorsportbane med tilhøyrande anlegg vert konsekvens for natur og miljø sett til middels - konsekvensar som vil ta noe tid å rette opp. Konsekvensen av Spreiiing av framande artar på materielle verdiar ver sett til låg, då det er lite truleg at kostnadar knytt til fjerning av bestandar, hindring av ytterlegare spreiiing vil passere 1 000 000. | | |
| AVBØTANDE TILTAK | Frøplanter av sitkagran kan lett fjernast ved lusing, og bestander av hagelupin kan begrensaast ved at dei klippast ned før frøsetting eller bekjempast kjemisk med for eksempel glyfosat (Roundup) eller tilsvarande. | | |

| | |
|------------------------|--|
| | <p>Gradvis erstatting av sitkagran med stadeigne artar med same lé-effekt.</p> <p>Unngå å bruke masser der det har vokse hagelupin for å hindre spreiiing.</p> <p>Reingjering av maskiner og utstyr etter bruk for å hindre spreiiing.</p> |
| EKSISTERANDE BARRIERER | Ingen. |

| PUNKT 4 IDENTIFISERT UØNSKA HENDING – KJENT FORUREINING I OMRÅDET (TIDLEGARE SIKKERHEITSSENTER) | | | |
|---|--|---------|--------------------|
| BESKRIVELSE AV UØNSKA HENDING | Delar av eksisterande bygningsmasse med tilhøyrande uteområde på eigedom gbnr 8/65 har tidlegare vore nytta som sikkerheitssenter knytt til brannøvingar, der det har vore nytta ulike typer kjemikaliar, inkludert olje og brannskum. Det vart gjennomført undersøkingar i 2011, og på nytt i 2020 som viste at det var forureining over grenseverdiane i enkelte av prøvene som vart tekne. Forureining er nærmare omtalt i konsekvensvurderinga under punkt 5 i denne planomtalen. | | |
| SANNSYNLEGHEIT | HØG | MIDDELS | LÅG |
| | | | |
| KOMMENTAR | Sannsynlegheita for at det eksisterer forureining knytt til tidlegare bruk av området som sikkerheitssenter er sett til høg grunna gjennomførte undersøkingar som har avdekt forureining over grenseverdiane i enkelte av prøvene som vart tekne, og informasjon i rapporten «Risiko for forureining ved tidlegare sikkerheitssenter – miljøvurdering». Rapporten vart utarbeidd av COWI på oppdrag frå kommunen i 2020 og oppsummerte tidlegare funn, saman med ytterlegare informasjon og tilrådde tiltak. Rapporten er vedlagt saka. | | |
| KONSEKVENNS | HØG | MIDDELS | LÅG/IKKJE RELEVANT |
| LIV OG HELSE | | | |
| NATUR OG MILJØ | | | |
| MATERIELLE VERDIAR | | | |
| KOMMENTAR | <p>Konsekvensen av kjent forureining for liv og helse vert sett til låg/ikkje relevant.</p> <p>Vassprøver tatt av Norconsult i 2011 viste forureining over grenseverdiane for PFOA, PFOS og alifater C5-C35. Kommunen gjennomførte vassprøver i 2020 og resultatane viste at det var PFOS og alifater over grenseverdiane i alle prøvene. Miljødirektoratet sin rettleiar «M-608 - Grenseverdier for klassifisering av vann, sediment og biota» (revidert 2020), inneheld grenseverdier for PFOS. Systemet er delt inn i fem tilstandsklasser: 1 – meget god (ren jord), 2 – god, 3- moderat, 4 – dårlig og 5 – svært dårlig (farlig avfall). Det føreligg ikkje tilstandsklasser for dei avdekte oljeforbindingane (alifater). Prøvene som vart tekne i 2011 og 2020 fell inn under tiltaksklasse 3 – moderat (0, 00065 – 36 µg/l), og konsekvensen for natur miljø vert derfor sett til middels - konsekvensar som vil ta noe tid å rette opp</p> <p>Konsekvensen av kjent forureining på materielle verdier vert sett til låg, då det er lite truleg at kostnader knytt til</p> | | |

| | |
|------------------------|--|
| | eventuell opprydding vil passere 1 000 000. |
| AVBØTANDE TILTAK | <p>Gjennomføre nye prøvetakingar for å vurdere om forureining har blitt redusert. Eventuelle nye prøver bør takast på fleire punkt innanfor eigedom gbnr 8/65.</p> <p>Tømme eksisterande oljeutskillar.</p> <p>Fjerne brannkar/lagune.</p> <p>Rense vatnet og sleppe det ut til grøft (filtrering gjennom aktivt kull/organoclay).</p> |
| EKSISTERANDE BARRIERER | Oljeutskillar, lagune |

| PUNKT 5 IDENTIFISERT UØNSKA HENDING - KJENT FORUREINING I OMRÅDET (TIDLEGARE SØPPELDEPONI) | | | |
|--|--|---------|--------------------|
| BESKRIVELSE AV UØNSKA HENDING | <p>På delar av eigedom gbnr 8/35 var det tidlegare eit avfallsdeponi for hushaldningsavfall, dette er ikkje lengre i bruk, men er heller ikkje fjerna. I september 2016 og januar 2017 blei det teke to vassprøver ved det tidlegare deponiet. Det vart påvist forureining over terskelverdiane angitt i «veileder om miljørisikovurdering av bunntetting og oppsamling av sigevann ved deponier». Forureining er nærmare omtalt i konsekvensvurderinga under punkt 5 i denne planomtalen.</p> <p>I september 2017 blei det gravd sjakter i det tidlegare deponiet, og det vart tatt prøver av massene. Jordprøvene som blei tekne viser at massene, med eit unntak, ikkje inneheld forureining over normverdiane i Miljødirektoratet sin rettleiar «TA-2523/2009 - Helsebaserte tilstandsklasser for forurenset grunn»</p> | | |
| SANNSYNLEGHEIT | HØG | MIDDELS | LÅG |
| | | | |
| KOMMENTAR | <p>Sannsynlegheita for at det eksisterer forureining knytt til tidlegare bruk av delar av eigedom gbnr 8/35 som avfallsdeponi er sett til høg grunna gjennomførte undersøkingar som har avdekt forureining over grenseverdiane i enkelte av prøvene som vart tekne, og informasjon i rapporten «Flyplassdeponiet – resultater fra undersøkelser». Rapporten vart utarbeidd av COWI på oppdrag frå kommunen i 2018 og oppsummerer tidlegare funn, saman med ytterlegare informasjon og tilrådde tiltak. Rapporten er vedlagt saka.</p> | | |
| KONSEKVENSS | HØG | MIDDELS | LÅG/IKKJE RELEVANT |
| LIV OG HELSE | | | |
| NATUR OG MILJØ | | | |
| MATERIELLE VERDIAR | | | |
| KOMMENTAR | <p>Konsekvensen av kjent forureining for liv og helse vert sett til låg/ikkje relevant.</p> <p>I vann og jordprøvene som vart tekne i 2016 – 207 vart det påvist forureining over grenseverdiane for N-total, P-total, TOC og tungmetall, sjå vedlagte rapport og konsekvensvurdering for ytterlegare detaljar. Overskriding av terskelverdiar av forureining i både overflatevatn, grunnvatn og sigevann inneber at tiltak må vurderast. I «veileder om miljørisikovurdering av bunntetting og oppsamling av sigevann ved deponier» står det fylgjande: «konsentrasjoner over terskelverdi for ett eller flere stoffer er ansett som uakseptabel risiko og søker må gå vidare til trinn 2 og vurdere risiko for transport av forurensing". COWI har i sin rapport skrive at det tidlegare deponiet ikkje er vurdert til å utgjere ein stor og akutt fare for forureining, men at det bør gjerast nokre enkle tiltak for å</p> | | |

| | |
|------------------------|--|
| | <p>hindre ytterlegare spreiding.</p> <p>COWI gjennomførte på oppdrag frå kommunen gassmålingar frå det tidlegare deponiet i 2019. Det tidlegare deponiet har lav emisjon av deponigass, og ingen av registreringane som er gjort krev vidare oppfølging. Rapporten er vedlagt saka.</p> <p>Konsekvensen av kjent forureining på materielle verdiar vert sett til låg, då det er lite truleg at kostnadar knytt til eventuell opprydding vil passere 1 000 000.</p> |
| AVBØTANDE TILTAK | <p>Vurdere å fjerne restane av det tidlegare deponiet.</p> <p>Lede sigevatn frå det tidlegare deponiet inn på eksisterande rørledningar i området.</p> <p>Utarbeide tiltaksplan.</p> |
| EKSISTERANDE BARRIERER | Ingen. |

6. KONSEKVENSVURDERING

Behov for konsekvensvurdering

I fylgje plan og bygningslova § 4-2 skal planar som kan få vesentlege virkningar for miljø og samfunn innehalde ei konsekvensutredning. Vidare går det fram av forskrift om konsekvensutredningar § 8 a, og vedlegg II punkt 11 a, at permanente konkurranse- og testbaner for bil og motorsyssel kjem inn under krava til konsekvensutredningar.

Metode for konsekvensvurdering

Konsekvensvurderinga tek utgangspunkt i Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 - Konsekvensutredning av klima og miljø. Konsekvensvurderinga er utarbeidd av kommunen sin arealplanleggar.

Tema som vert vurdert i konsekvensvurdering


Konsekvensvurderinga vil ta føre seg temaa naturmangfald, støy og forureina grunn etter tilrådde metoder i rettleiar M-1941.

0-alternativet

Nullalternativet er ei beskriving av dagens situasjon, og den forventa utviklinga utan at det vert utført tiltak i det aktuelle området. Nullalternativet skal brukast som samanlikningsgrunnlag når ein vurderer kva påverknin ein plan eller eit tiltak vil ha i området.

Alternativ som skal vurderast

Det er kun eit alternativ som vert vurdert (heretter kalt alt 1), og dette er eit område der planforslaget legg til rette for etablering av eit nytt fleirbruksanlegg for motorsport med moglegheit for gokart, drifting og motard. Området er ein del av eit større planområde som også omfattar eigedom gbnr 8/65, samt eksisterande crossbane for motorsyklar. Det aktuelle området er markert med raudt polygon på kartet nedanfor, og er om lag 70 daa stort:



6.1 VURDERING AV NATURMANGFALD

Kunnskapsgrunnlaget/metode

Karttenestene naturbase og artskart nytta for å hente inn informasjon om naturmangfaldet innfor det vurderte alternativet. Det er i tillegg gjennomført feltobservasjonar.

Registrerte verneområde

Det er ingen registrerte verneområde innanfor eller i nærleiken av det vurderte alternativet.

Registrerte naturtyper

Det er ingen registrerte naturtyper innanfor eller i nærleiken av det vurderte alternativet.

Registrerte artar av forvaltningsmessig interesse

| Art | Kategori | Beskrivelse | Reg. dato | Delområde |
|--|---|--------------------------------------|------------|-----------|
| Brushane (<i>Calidris pugnax</i>) | Sårbar (VU) i Norsk rødliste for arter | Enkeltobservasjon, næringssøkende | 18.08.2023 | Alt 1 |
| Tårnseiler (<i>Apus apus</i>) | Nær truet (NT) i Norsk rødliste for arter | Enkeltobservasjon, næringssøkende | 18.08.2023 | Alt 1 |
| Stær (<i>Sturnus vulgaris</i>) | Nær truet (NT) i Norsk rødliste for arter | Enkeltobservasjon, næringssøkende | 12.10.2023 | Alt 1 |

Kart som viser observasjonane i tabellen over



Verdivurdering for artar av forvaltningsmessig interesse

| | |
|--------------------------------------|--|
| Verdikriterier | Middels verdi |
| Arter og økologiske funksjonsområder | Nær trua (NT) arter og deres funksjonsområde |

Vurdering av påvirkning for arter av forvaltningsmessig interesse

| | |
|--------------------------------------|---------------------------------|
| Påvirkingskriterier | Ubetydelig påvirkning |
| Arter og økologiske funksjonsområder | Ingen eller uvesentlig virkning |

Samla vurdering av naturmangfald

| | |
|----------------------------|--|
| Konsekvenskriterier | Ubetydelig konsekvens |
| Ubetydelig konsekvens | <p>Tiltaket vil ikke medføre vesentlige endringer for naturmangfoldet i 0-alternativet:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Overvekt av delområder med ubetydelig konsekvensgrad (0). • Ett delområde kan inneholde konsekvensgrad noe konsekvens (1 minus). • Ingen delområder er gitt svært alvorlig (4 minus), alvorlig (3 minus) eller betydelig (2 minus) konsekvensgrad. |

Avbøtande tiltak

Observasjonene er gjort på eit eksisterande jordbruksområde som ikkje vert omfatta av planlagde utbyggingsføremål, og vidare er dette enkeltobservasjonar. Det vert vurdert at det ikkje er naudsynt med avbøtande tiltak.

Registrerte framande artar

| Art | Kategori | Beskrivelse | Delområde |
|---|------------------|---|-----------|
| Lupin (Lupinus polyphyllus) | Svært høy risiko | Observerte fleire større bestander i forbindelse med synfaring | Alt 1 |
| Sitkagran (Picea sitchensis) | Svært høy risiko | Tilgrensande leplantefelt, observasjon av oppspirte frøplanter innanfor det vurderte alternativet | Alt 1 |

Beskriving og vurdering av registrerte framande artar

Hagelupin er ei fleirårig staude som hovudsakleg sprer seg med frø. Ei plante kan produsere hundrevis av frø, og desse er svært spiredyktige, og kan i tillegg bevare spireevna i jord i fleire tiår. Bitar av jordstenglar kan også gi opphav til nye planter, og den er derfor vanskeleg å bli kvitt når den først er etablert. Hagelupin har nitrogenfikserande rotknoller som bidreg til å endre nærings sammensetninga på stadane den veks, noko som på sikt fører til at stadeigne og mindre konkurransedyktige artar vert fortrent av meir konkurransesterke og ofte uønska artar. Hagelupin er oppført på framandartlista 2023 og er vurdert å utgjere ein svært høg økologisk risiko. «Forskrift om fremmede organismer» har forbod mot innførsel, utsetting og spreing av Hagelupin.

Sitkagran er eit bartre i furufamilien med opphav i Nord-Amerika. I Noreg er sitkagrana hovudsakleg nytta til skog- og leplanting, og kan bli opp til 40 meter høgt. Formering skjer via små, lette frø som spres med vinden. Sitkagran er oppført på framandartlista 2023 og er vurdert å utgjere ein svært høg økologisk risiko grunna stort invasjonspotensial (frøproduksjon over lang tid, frø spres med vind over store områder, rask etablering) og høg økologisk effekt (mellom anna gjengroing av dei raudlista naturtypene kystlynghei og kysthøgmyr). På grunn av vekstkrafta i høgde og volum vil også sitkagrana skygge for skogbotnen, samt bidra til å forsure jordsmonnet med barnåler slik at få andre artar vil kunne etablere seg her. Det er per dags dato ikkje forbode å nytte sitkagran til skogbrukføremål, men det må søkast om tillating etter «forskrift om utsetting av utenlandske treslag til skogbrukføremål». Søknaden skal sendast til Statsforvaltaren minst to månader før planlagt utplanting.

Avbøtande tiltak

- Fjerning av oppspirte frøplanter av sitkagran.
- Gradvis erstatting av sitkagran med stadeigne artar med same lé-effekt.
- Unngå å bruke masser der det har vokse hagelupin for å hindre spreieing.
- Reingjering av maskiner og utstyr etter bruk for å hindre spreieing.
- Eksisterande bestander av hagelupin kan klippast ned før frøsetting.
- Eksisterande bestander av Hagelupin kan bekjempast kjemisk med for eksempel glyfosat eller tilsvarande.

Vurdering etter naturmangfoldlova §§ 8-12

§ 8 – kunnskapsgrunnlaget

«Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet. (...).»

Konsekvensvurderinga er basert på eksisterande **kunnskap** innhenta frå offentleg tilgjengelige karttenester slik som naturbase og artskart. Observasjonen av dei framande artane vart gjort under synfaring i området. Vidare er virkninga av tiltaket vurdert etter anerkjent metodikk for konsekvensvurderingar. Kunnskapsgrunnlaget om området sine naturverdiar vert vurdert til å vere tilstrekkeleg.

§ 9 - føre-var-prinsippet

«Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.»

Kunnskapsgrunnlaget om området sine naturverdiar vert vurdert til å vere tilstrekkeleg. Sannsynlegheita for at planforslaget kan medføre alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfoldet innanfor området er vurdert til å vere liten.

§ 10 - økosystemtilnærming og samlet belastning

«En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.»

Planlagt arealbruk er vurdert til å ha liten belastning på økosystema innanfor området. Det er heller ikkje igangsett eller planlagt andre utbyggingsføremål i eller i nærleiken av det vurderte området som kan påverke økosystema.

§ 11 - kostnadene ved miljøforingelse skal bæres av tiltakshaver

«Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.»

Sannsynlegheita for at planforslaget kan medføre alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfoldet innanfor området er vurdert til å vere liten, paragrafen kjem ikkje til anvending.

§ 12 – Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder

Sannsynlegheita for at planforslaget kan medføre alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet innanfor området er vurdert til å vere liten, paragrafen kjem ikkje til anvending.

6.2 VURDERING AV STØY

Støyvurderingar utarbeidd av eksterne konsultentselskap.

Vurdering av planlagt tiltak med omsyn til støy

Planforslaget legg til rette for at det kan etablerast eit nytt fleirbruksanlegg for motorsport, med gokart, drifting og motard der det vil bli generert støy utiftå normal køyring, rusing av motor og kvinging i dekk. Treningsomfanget kan være inntil fire dagar per veke, i perioda 10:00 – 19:00 måndag til laurdag, og i perioda 12:00 – 19:00 på søndagar. Det er i tillegg tillatt med inntil 8 helger med arrangement/terminfesta konkurransar årleg.

Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021) skal leggest til grunn ved arealplanlegging etter plan og bygningslova. Retningslinja angir tilrådde grenseverdiar for støynivå frå ulike typer lydkiel der målt i dB. Grensene gjeld for støyfølsom bebyggelse og uteområda ved slik bebyggelse (med støyfølsom bebyggelse er her meint bustader, fritidsbustader, barnehagar, skular og helsebygg). Tiltrådde grenseverdiar for motorsport er gjengitt i tabellen nedanfor:

| Støykilde | Støysone | | | |
|------------|----------------------------------|---|-----------------------------------|---|
| | Gul | | Rød | |
| | Utendørs støynivå | Utendørs støynivå i nattperioden kl. 23–7 | Utendørs støynivå | Utendørs støynivå i nattperioden kl. 23–7 |
| Motorsport | $L_{den} > 45$ $L_{SAF} > 60$ | Aktivitet bør ikke foregå | $L_{den} > 55$ $L_{SAFx} > 70$ | Aktivitet bør ikke foregå |

Gjennomført støyvurdering for planlagt tiltak

Det vart gjennomført støyvurdering av det planlagde fleirbruksanlegget for motorsport i 2021, med nærmare beskriving av aktivitet og forslag til avbøtande tiltak for at støynivåa skal kome innanfor akseptable krav i henhold til Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021). Støyvurderinga vart utarbeidd av konsultentselskapet Sweco as av person med kompetanse og erfaring innan akustikk og støyvurdering av motorsportanlegg.

Støyvurderinga sin konklusjon (rapport frå støyvurderinga er vedlagt i si heilheit):

Det vart gjort støyberegning for to baneforslag, ei mindre bane for drifting og gokart (bane 1), som er tenkt bygd ut først, og ei større bane som i tillegg kan nyttast til motard som vert bygd på eit seinare tidspunkt når ein har fått vurdert interessa for tilbodet (bane 2). Det er drifting som er dimensjonerande for støytiltaka som vert tilrådd.

På bane 1 vil det ikkje bli overskriding av støyverdiane i støyretningslinje T-1442 for dersom det er kun ein bil som køyrer drifting samstundes. For gokart kan det være inntil 6 samtidige køyretøy utan at det blir overskriding av støyverdiane i støyretningslinje T-1442.

På bane 2 må det byggast støyvoll med høgde på 5 meter i dei austlegaste delane av bana, og sjølv med så høg voll vil det ved drifting bli overskriding av støyverdiane på fasade ved Hellegota 178 (1-2 db). Ved motard kjøring kan det ikkje vere meir enn 3 samtidige køyretøy i aktivitet for at

støygrensene skal verte overskridne. Ved å legge inn ei kortare banesløyfe som ikkje går så langt austover, vil ein få redusert støybelastninga noko.

Konsekvensvurdering av støy

| Kriterier for å vurdere konsekvens | Ubetydelig konsekvens | Noe negativ konsekvens |
|--|---|--|
| Bebyggelse i støysone | Få eller ingen boenheter med støynivå på fasade over grenseverdiene i T-1442. | |
| Endring i støynivå sammenliknet med 0-alternativet | | Merkbar økning i støynivå (1-2 dB) for boenheter/bebyggelse som for null-alternativet ikke vil få overskridelse av grenseverdiene i T-1442 |
| Type og antall støykilder | | Noe økt omfang av sterkt varierende støynivå, impulsstøy og høye maksimale lydtryknivåer på dagtid. Ny støykilde innføres i område med støyfølsombebyggelse som i null-alternativet ikke har støy over grenseverdiene i T-1442. |
| Tilgang til stille side | Samme antall eksisterende boenheter har stille side. | |
| Tilgang til ute-oppholds-areal | | Ved drifting på bane 2 kan Hellegota 178 oppleve overskriding av støyverdier som kan påvirke stille uteoppholdsareal. |

Samla vurdering av støy

| Konsekvens | Konsekvenskriterier |
|------------------------|---|
| Noe negativ konsekvens | Tiltaket medfører noe konsekvens for støy innenfor influensområdet: <ul style="list-style-type: none"> • Overvekt av delområder med konsekvensgrad noe konsekvens (1 minus) og ubetydelig konsekvens (0). • Et par delområder kan ha konsekvensgrad middels (2 minus) • Ingen delområder er gitt konsekvensgrad svært alvorlig (4 minus) eller alvorlig (3 minus). |

Avbøtande tiltak

- Etablering av støyvollar i henhold til støyvurdering gjennomført i 2021.
- Redusere antall samtidige køyretøy som er i aktivitet.
- Korte inn banetrase på bane 2 slik at den ikkje går heilt til plangrensa i aust.

6.3 VURDERING AV FORUREINA GRUNN

Kunnskapsgrunnlag/metode

Diverse forureiningsundersøkingar utarbeidd av eksterne konsultentselskap.

Vurdering av planlagt tiltak med omsyn til forureining – tidlegare sikkerheitssenter

Eksisterande bygningsmasse med tilhøyrande uteområde på eigedom gbnr 8/65 har tidlegare vore nytta som sikkerheitssenter knytt til brannøvingar, der det har vore nytta ulike typer kjemikalier, inkludert olje og brannskum. Det har frå oppstarten vore oppsamling av overvatn og brannsløkkingsvatn frå det arealet som har vore nytta til brannøvingar. Ei betongplate med oppsamlingsskant har leda vatnet til ei open lagune. Frå laguna gikk vatnet til ein oljeutskillar og deretter til ein tokamra tank, før det vart pumpa inn på leidningsnettet for kloakk. Norconsult gjennomførte på oppdrag frå kommunen undersøkingar i 2011. Det blei gravd sjakter på fire forskjellige stader, og det blei i tillegg tatt vassprøver. Jordprøvene inneholdt ikkje forureining over grenseverdiane, men prøve frå grunnvatnet avdekte PFOA på 0,013 µg/l og PFOS på 0,41 µg/l. Prøver tatt i utløpet av oljeutskillaren inneholdt PFOS på 17 µg/l, og innhaldet av alifater var 670 µg/l (sum C5-C35).

Kommunen gjennomførte vassprøver i 2020, prøvene blei tatt som stikkprøver på fire ulike stader. Resultata viste at det var PFOS i alle prøvene, med høgast verdi målt i vatnet frå lagune på 7,68 µg/l og lavast verdi målt i det samla vatnet etter lagune og slamavskillar på 0,722 µg/l. Resultata avdekte også oljeforbindingar i form av alifater. C12-C35 med høgste verdi målt til 245 µg/l i vatnet frå lagune og lavast verdi målt i det samla vatnet etter lagune og slamavskillar på 56,2 µg/l. For ytterlegare detaljar og informasjon vert det vist til den vedlagte rapporten.

Miljødirektoratet sin rettleiar «M-608 - Grenseverdier for klassifisering av vann, sediment og biota» (revidert 2020), inneheld grenseverdier for PFOS. Systemet er delt inn i fem tilstandsklasser: 1 – meget god (ren jord), 2 – god, 3- moderat, 4 – dårlig og 5 – svært dårlig (farleg avfall). Det føreligg ikkje tilstandsklasser for dei avdekte oljeforbindingane (alifater C12-C35). Prøvene som vart tekne i 2011 og 2020 fell inn under tiltaksklasse 3 – moderat (0, 00065 – 36 µg/l)

Konsekvensvurdering av planlagt tiltak med omsyn til forureining - tidlegare sikkerheitssenter

| | |
|--|---|
| Kriterier for å vurdere konsekvens | Noe negativ konsekvens |
| Overordnet endring i risiko | Plantiltaket kan gjøre det vanskelig å gjennomføre opprydding i planområdet i fremtiden |
| | Noe/betydelig positiv konsekvens |
| Håndtering av forurensingen | Helse- og miljøfarlige stoffer fjernes fra kretsløpet/de avbøtende tiltakene gir en varig løsning for forurensningen |
| | Ubetydelig |
| Endring i spredning fra forurenset grunn til nærliggende vannforekomst (endring i tilstand i vann) | Planen/tiltaket påvirker ikke tilstanden i tilgrensede vannforekomster/ det finnes ingen nærliggende vannforekomster |
| | Ubetydelig |
| Lar de avbøtende tiltakene seg gjennomføre? | I liten grad konflikt mellom avbøtende tiltak og hensyn til andre fagtema, eller det er ikke relevant da det ikke er behov for avbøtende tiltak |
| | Noe/betydelig positiv konsekvens |
| Vil avbøtende tiltak ha tilstrekkelig effekt? | Med avbøtende tiltak vil risikoen ved forurensningen reduseres til et akseptabelt nivå |

Avbøtende tiltak

- Gjennomføre nye prøvetakingar for å vurdere om forureining har blitt redusert. Eventuelle nye prøver bør takast på fleire punkt innanfor eigedom gbnr 8/65.
- Tømme eksisterande oljeutskillar.
- Fjerne brannkar/lagune.
- Rense vatnet og sleppe det ut til grøft (filtrering gjennom aktivt kull/organoclay).

Vurdering av planlagt tiltak med omsyn til forureining – tidlegare søppeldeponi

På delar av eigedom gbnr 8/35 var det tidlegare eit avfallsdeponi for hushaldningsavfall, dette er ikkje lengre i bruk, men er heller ikkje fjerna.

I september 2016 og januar 2017 blei det teke to vassprøver ved det tidlegare deponiet. Den fyrste prøva vart teken i en kum ved veien (RAD-SVANN-2), og den andre prøva blei teken i ein større vassdam ved fyllingsfronten (RAD-SVANN-3), jf. vedlagte rapport for ytterlegare informasjon (flyplassdeponiet – resultater frå undersøkelser, Cowi, 2018). Det blei det påvist forureining over terskelverdiane for fylgjande stoff slik det går fram av figuren nedanfor:

| Parameter | Enhet | RAD-SVANN-2 | RAD-SVANN-3 | Terskelverdi |
|---------------------------------|-------|-------------|-------------|--------------|
| pH | | 6,6 | 6,64 | |
| Ledningsevne (konduktivitet) | mS/m | 48 | 15 | 1 |
| Suspendert stoff | mg/l | 124 | <5.0 | |
| N-total | mg/l | 2,7 | 0,55 | 0,5 |
| Ammonium-N (NH ₄ -N) | mg/l | 1,4 | 0,076 | |
| P-total | mg/l | 7,4 | <0.010 | 0,16 |
| TOC | mg/l | 5,9 | 5,14 | 5 |
| Fe (Jern) | mg/l | 128 | 1,8 | 0,2 |
| As (Arsen) | µg/l | 2,5 | <2.0 | 2 |
| Cd (Kadmium) | µg/l | 1,54 | <0.10 | 0,2 |
| Cr (Krom) | µg/l | 6,6 | 6,3 | 6,3 |
| Cu (Kopper) | µg/l | 63,5 | 1,7 | 2,3 |
| Hg (Kvikksølv) | µg/l | <0.0100 | 0,044 | 0,01 |
| Mn (Mangan) | mg/l | 0,397 | <0.100 | 0,1 |
| Ni (Nikkel) | µg/l | 17,4 | <5.0 | 5 |
| Pb (Bly) | µg/l | 4,8 | <1.0 | 1,9 |
| Zn (Sink) | µg/l | 711 | 27,7 | 35 |

I september 2017 blei det gravd totalt 9 sjakter i det tidlegare deponiet, og det vart tatt prøver av massene, jf. vedlagte rapport for ytterlegare informasjon (flyplassdeponiet – resultater frå undersøkelser, Cowi, 2018) Jordprøvene som blei tekne viser at massene, med eit unntak, ikkje inneheld forureining over normverdiane i Miljødirektoratet sin rettleiar «TA-2523/2009 - Helsebaserte tilstandsklasser for forurenset grunn». I ei prøve som var heilt i utkanten av deponiet (RAD-JORD-G7) blei det funne høge konsentrasjonar av PCB (1,25 mg/kg TS, som kjem inn under tiltaksklasse 4 – dårlig).

| ELEMENT | SAMPLE | RAD-JORD-G1 | RAD-JORD-G2 | RAD-JORD-G3 | RAD-JORD-G4 | RAD-JORD-G6 | RAD-JORD-G7 | RAD-JORD-G9 |
|-------------------|----------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| As (Arsen) | mg/kg TS | <0.5 | 2,7 | <0.5 | <0.5 | 4,3 | <0.5 | <0.5 |
| Cd (Kadmium) | mg/kg TS | 0,2 | 0,09 | <0.05 | <0.05 | <0.05 | 0,05 | 0,37 |
| Cr (Krom) | mg/kg TS | 19 | 12 | 14 | 8,6 | 18 | 5,3 | 17 |
| Cu (Kopper) | mg/kg TS | 47 | 22 | 34 | 15 | 25 | 36 | 71 |
| Hg (Kvikksølv) | mg/kg TS | 0,1 | 0,02 | 0,07 | 0,07 | <0.01 | 0,04 | 0,03 |
| Ni (Nikkel) | mg/kg TS | 8,2 | 7,8 | 10 | 7,1 | 4,1 | 3,7 | 9 |
| Pb (Bly) | mg/kg TS | 22 | 9 | 9 | 14 | 2 | 5 | 24 |
| Zn (Sink) | mg/kg TS | 97 | 99 | 87 | 92 | 43 | 38 | 140 |
| Sum PCB-7 | mg/kg TS | n.d. | n.d. | n.d. | n.d. | n.d. | 1,25 | 0,0028 |
| Sum PAH-16 | mg/kg TS | 0,892 | 0,781 | 0,432 | n.d. | n.d. | n.d. | 0,138 |
| Bensen | mg/kg TS | <0.010 | <0.010 | <0.010 | <0.010 | <0.010 | <0.010 | <0.010 |
| Sum BTEX | mg/kg TS | n.d. | n.d. | n.d. | n.d. | n.d. | n.d. | n.d. |
| Fraksjon >C8-C10 | mg/kg TS | <10 | <10 | <10 | <10 | <10 | <10 | <10 |
| Fraksjon >C10-C12 | mg/kg TS | <10 | <10 | <10 | <10 | <10 | <10 | <10 |
| Sum >C12-C35 | mg/kg TS | 13 | 23 | 26 | 20 | 31 | 22 | 35 |

samband med sjaktinga i september 2017 blei det i tillegg etablert ein miljøbrønn rett sør for det tidlegare deponiet. jf. vedlagte rapport for ytterlegare informasjon. Det vart tatt ei vassprøve i miljøbrønnen i byrjinga av november 2017 der det blei påvist forureining over terskelverdiane for fylgjande stoff slik det går fram av figuren nedanfor:

| ELEMENT | SAMPLE | RAD-GVANN-5 | Terskelverdi |
|----------------|--------|-------------|--------------|
| pH | | 6,3 | |
| Konduktivitet | mS/m | 18 | |
| KOF | mg/l | 50 | |
| BOF | mg/l | <20 | |
| TOC | mg/l | 36 | 5 |
| Jern | mg/l | 4,5 | 0,2 |
| Mangan | mg/l | 0,46 | 0,1 |
| As (Arsen) | ug/l | 0,5 | 2 |
| Cd (Kadmium) | ug/l | 0,02 | 0,2 |
| Cr (Krom) | ug/l | 1 | 6,3 |
| Cu (Kopper) | ug/l | 3,7 | 2,3 |
| Hg (Kvikksølv) | ug/l | 2 | 0,01 |
| Ni (Nikkel) | ug/l | <4 | 5 |
| Pb (Bly) | ug/l | 0,19 | 1,9 |
| Zn (Sink) | ug/l | 490 | 35 |
| Sum PCB-7 | ug/l | ikke påvist | |

Overskriding av terskelverdiar av forureining i både overflatevatn, grunnvatn og sigevatn inneber at tiltak må vurderast. I rettleiaren «veileder om miljørisikovurdering av bunntetting og oppsamling av sigevann ved deponier» står det fylgjande: «konsentrasjoner over terskelverdi for ett eller flere stoffer er ansett som uakseptabel risiko og søker må gå vidare til trinn 2 og vurdere risiko for transport av

forurensing". COWI har i sin rapport skrive at det tidlegare deponiet ikkje er vurdert til å utgjere ein stor og akutt fare for forureining, men at det bør gjerast nokre enkle tiltak for å hindre ytterlegare spreining.

COWI gjennomførte på oppdrag frå kommunen gassmålingar frå det tidlegare deponiet i 2019, jf. vedlagte rapport «Aukra deponigassmålingar, COWI, 2019). Det tidlegare deponiet har lav emisjon av deponigass, og ingen av registreringane som er gjort krev vidare oppfølging. Under forutsetnad at det tidlegare deponiet ikkje vert påverka av planlagt utbygging av motorsport, vert ikkje deponigass frå det tidlegare deponiet sett på som ei fare for planlagt aktivitet.

Konsekvensvurdering av planlagt tiltak med omsyn til forureining - tidlegare sikkerheitssenter

| Kriterier for å vurdere konsekvens | Noe negativ konsekvens |
|--|--|
| Overordnet endring i risiko | Plantiltaket kan gjøre det vanskelig å gjennomføre opprydding i planområdet i fremtiden |
| | Noe negativ konsekvens |
| Håndtering av forurensingen | Eksisterende forurensning dekkes til eller kapsles inn innenfor planområdet på en slik måte at vann/avrenning ikke fører til forurensning. |
| | Ubetydelig |
| Endring i spredning fra forurenset grunn til nærliggende vannforekomst (endring i tilstand i vann) | Planen/tiltaket påvirker ikke tilstanden i tilgrensede vannforekomster/ det finnes ingen nærliggende vannforekomster |
| | Ubetydelig |
| Lar de avbøtende tiltakene seg gjennomføre? | I liten grad konflikt mellom avbøtende tiltak og hensyn til andre fagtema |
| | Noe/betydelig positiv konsekvens |
| Vil avbøtende tiltak ha tilstrekkelig effekt? | Med avbøtende tiltak vil risikoen ved forurensningen reduseres til et akseptabelt nivå |

Avbøtende tiltak

- Vurdere å fjerne restane av det tidlegare deponiet.
- Lede sigevatn frå det tidlegare deponiet inn på eksisterande rørledningar i området.
- Utarbeide tiltaksplan.

7. ØVREGE KONSEKVEN SAR AV PLANFORSLAGET

7.1 Kulturminne

Planforslaget medfører ikkje konsekvensar for automatisk freda eller nyare kulturminne/krigsminne, jf. punkt 3.6 i denne planomtalen.

Det er teke inn ein tekst i reguleringsføresegnene som seier at dersom det under arbeid innanfor planområdet kjem fram gjenstandar eller andre leivningar som viser eldre aktivitet i området, skal arbeidet stansast og kulturvernmynde i Møre og Romsdal fylkeskommune kontaktast i h.h.t. kulturminnelova.

7.2 Naturverdiar

Planforslaget medfører ikkje konsekvensar for verneområde, naturtyper eller artar av forvaltningsmessig interesse, jf. punkt 3.5 i denne planomtalen.

Det er registrert framande artar innanfor planområdet i form av Hagelupin og Sitkagran, og det er nedfelt i reguleringsføresegnene at det ved arbeid i området skal takast særleg omsyn slik at desse artane ikkje vert spreidd ytterlegare, jf. og avbøtande tiltak i konsekvensvurderinga under punkt 6 i denne planomtalen.

7.3 Jordbruk

Planforslaget medfører ikkje konsekvensar for jordbruk, jf. punkt 3.7 i denne planomtalen.

Ei eventuell omdisponering av inntil 2 daa av dyrkajorda føreset at matjordlaget vert flytta til eit område der den kan takast i bruk til nydyrking, og då helst som utviding av eksisterande teig, dette er også nedfelt i reguleringsføresegnene.

7.4 Friluftsliv

Planforslaget medfører ikkje konsekvensar for friluftsliv, jf. punkt 3.8 i denne planomtalen.

7.5 Trafikktilhøve

Planforslaget medfører ikkje konsekvensar for trafikktilhøva i planområdet, jf. punkt 3.9 i denne planomtalen.

Tre eksisterande avkøyrslar vert vidareført i planforslaget. I det nye planforslaget er avkøyrslene planlagt etter krava i handbok N100/V121.

7.6 Grunntilhøve

Planforslaget medfører ikkje konsekvensar for grunntilhøva innanfor planområdet, jf. punkt 3.10 i denne planomtalen.

7.7 Teknisk infrastruktur

Planforslaget medfører ikkje konsekvensar for teknisk infrastruktur, jf. punkt 3.12 i denne planomtalen.

Det ligg ei 110 mm kommunal hovudvassleidning innanfor planområdet i dag, denne vert vist i plankartet som omsyn/sikringssone, med tilhøyrande tekst i føresegnene som seier at det kan grusast/asfalterast over den eksisterande vassleidninga, men det kan ikkje etablerast jordvollar eller bygningar i ei avstand på minimum 4 meter til kvar side med omsyn til naudsynt tilkomst ved brot, vedlikehald etc., dette i h.h.t. krav i kommunens hovudplan for avløp.

7.8 Barn og unge sine interesser

Planforslaget vert vurdert til å ta tilstrekkeleg omsyn til barn og unge sine interesser, jf. punkt 3.13 i denne planomtalen.

Planforslaget legg til rette for at det kan etablerast eit fleirbruksanlegg med moglegheit for gokart, drifting og motard, som skal kunne brukast av alle aldersgrupper til trening, konkurranser og opplæring.

I området der eksisterande motorcrossbane er etablert skal i tillegg eksisterande knøttebane utvidast i omfang for å verte betre eigna for trening og opplæring av barn og unge i motorsykkelkjøring.

Hovudbygget på eigedom gbnr 8/64 er tilgjengelig for barn og unge som ønsker opplæring i «mekking», og der er i tillegg eit hobbyrom med mellom anna biljardbord og bordtennis.

I samband med høyring og offentleg ettersyn vil barn og unges representant i plansaker og ungdomsrådet få reguleringsplanen tilsendt og har då moglegheit til å kome med merknader til det vidare planarbeidet.

7.9 Universell utforming

Planforslaget vert vurdert til å ta tilstrekkeleg omsyn til universell utforming, jf. punkt 3.14 i denne planomtalen.

Det er teke inn eit punkt 2.3 i reguleringsføresegnene som seier at prinsippa for universell utforming, så langt som råd, skal leggest til grunn ved utforming av alle trafikkanlegg, uteopphaldsareal m.m. Ut over dette gjeld universell utforming av byggverk slik det er nedfelt i plan- og bygningslova og byggteknisk forskrift (TEK 17).

8. PLANPROSESSEN

8.1 Oversikt over planprosessen

| | |
|--|-------------------------|
| Dato for oppstartmøte | 22.06.2020 |
| Melding om oppstart av planarbeidet | 23.07.2020 |
| Merknadsfrist etter melding om oppstart | 26.08.2020 |
| Ny melding om oppstart grunna utvida planområde | 17.09.2021 |
| Merknadsfrist etter ny melding om oppstart | 18.10.2021 |
| Vedtak om utlegging til fyrste høyring og offentlege ettersyn | 28.02.2024 |
| Fyrste gongs høyring og offentlege ettersyn i perioda | 01.03.2024 - 02.05.2024 |
| Eventuelt vedtak om utlegging til andre høyring og offentlege ettersyn | |
| Eventuelt andre gongs høyring og offentlege ettersyn i perioda | |
| Endeleg vedtak i kommunestyret | |
| Klagefrist etter endelig vedtak i kommunestyret | |

8.2 Melding om oppstart

Det vart halde oppstartmøte den 22.06.2020 der representantar frå Aukra kommune og Gossen motorklubb deltok. Det vart skrive referat frå oppstartmøtet etter krava i plan- og bygningslova § 12-8, og dette vart også lagt ved oppstartmeldingane.

Det vart opphaveleg meldt oppstart av planarbeidet den 23.07.2020, jf. figur 11 som viser opphaveleg planavgrensing. Merknadsfristen vart sett til 28.08.2020, og det kom inn totalt fem merknader frå offentleg mynde og private.

Det vart meldt ny oppstart av planarbeidet den 17.09.2021, grunna endra behov og utvida planområde. Gossen motorklubb meldte inn til kommunen at dei ønskte å gå vekk frå tidlegare planar om ei enkel bane, og heller prøve å legge til rette for eit større fleirbruksanlegg for fleire motorsportdisiplinar, noko som krevde eit større areal. Merknadsfristen vart sett til 18.10.2021, og det kom inn totalt 10 merknader. Merknadane frå begge oppstartmeldingane vert vedlagt saka når denne skal til høyring og offentleg ettersyn.



Figur 11: Planavgrænsing ved fyrste melding om opstart den 23.07.2020

9. VEDLEGG

Vedlegg 1: Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter PBL

| Naturgitte forhold | Er det knytt risiko til følgjande element? <i>Dersom JA - kommenter i tabellen eller i eige avsnitt/vedlegg. Grunngje NEI etter behov.</i> | Ja | Nei | Kommentar | |
|--------------------|---|---|-----|-----------|--|
| | a | Er området utsett for snø-, flaum-, jord- og/eller steinskred? | | X | |
| | b | Er området utsett for større fjellskred? | | X | |
| | c | Er det fare for flodbølger som følge av fjellskred i vatn/sjø? | | X | |
| | d | Er det fare for områdeskred av kvikkleire? | | X | |
| | e | Er området utsett for flaum og/eller erosjon? Inkluder naudsynt klimapåslag. | | X | |
| | f | Er området utsett for stormflod? Inkluder havnivåstigning og bølgepåverknad i vurderinga. | | X | |
| | g | Kan utbygginga endre eksisterande risiko for omkringliggande område? | | X | |
| | H | Er det kjente problem med overflatevatn, avløpssystem, lukka bekkar, overfløyning i kjellar, osv? | | X | |
| | i | Kan det vere fare for skogbrann/lyngbrann i området? | | X | |
| j | Anna (Spesifiser)? | | | | |

| Klima-tilpassing | Er det knytt risiko til følgjande element? | Ja | Nei | Kommentar | |
|------------------|---|---|-----|-----------|--|
| | a | Er kunnskapen skildra i «Klimaprofil Møre og Romsdal» nytta i ROS-analysen? | | X | |
| | b | Er klimatilpassingsdelen i «Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing» nytta i ROS-analysen? | | X | |
| | c | Vurderer ROS-analysen om klimaendringar gjev eit endra risiko- og sårbarheitsbilete, og er denne vurderinga synleggjort? | | X | |
| d | Vurderer ROS-analysen korleis omsynet til eit endra klima kan varetakast, og er denne vurderinga synleggjort? | | X | | |

| | | | | | |
|--|---|--|---|---|---|
| | e | Legg ROS-analysen til grunn høge alternativ frå nasjonale klimaframskrivingar når den vurderer konsekvensar av klimaendringar? | | X | |
| | f | Er det lagt vekt på gode heilskaplege løysingar og varetaking av økosystem og areal med verdi for klimatilpassing, som òg kan bidra til auka kvalitet i uteområde? | | X | |
| | g | Tek planen omsyn til behovet for opne vassvegar, blågrøne strukturar, og forsvarleg overvasshandtering? | X | | Eksisterande grøfter innanfor planområdet skal ivaretakast i samband med ny utbygging i området, sjå nærmare beskriving under punkt 3.12 i denne planomtalen. |
| | h | Vurderer planen varetaking, restaurering eller etablering av naturbaserte løysingar? | | X | |

| Verksemd-- risiko | Er det knytt risiko til følgjande element? | | Ja | Nei | Kommentar |
|----------------------|--|---|----|-----|-----------|
| | a | Omfattar planen storulykkeverksemd eller farlege anlegg? | | X | |
| | b | Er det storulukkesverksemd/farlege anlegg i nærleiken som kan utgjere ein risiko for planområdet? | | X | |
| | c | Anna (spesifiser)? | | X | |

| Kraft- forsyning | Er det knytt risiko til følgjande element? | | Ja | Nei | Kommentar |
|---------------------|--|---|----|-----|-----------|
| | a | Er området påverka av magnetfelt over 0,4µT frå høgspenlinjer? | | X | |
| | b | Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området? | | X | |
| | c | Anna (spesifiser)? | | X | |

| Brann/- ulukkes- beredskap | Er det knytt risiko til følgjande element? | | Ja | Nei | Kommentar |
|----------------------------------|--|--|----|-----|-----------|
| | a | Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)? | | X | |
| | b | Har området dårleg tilkomst for naudetatar? | | X | |
| | c | Anna (spesifiser)? | | X | |

| | Er det knytt risiko til følgjande element? | Ja | Nei | Kommentar |
|-----------|--|----|-----|-----------|
| Omgjevnad | a | | X | |
| | b | | X | |
| | c | | X | |
| | d | | X | |

| | Er det knytt risiko til følgjande element? | Ja | Nei | Kommentar |
|----------------|--|----|-----|-----------|
| Vass-forsyning | a | | X | |
| | b | | X | |
| | c | | X | |

| | Er det knytt risiko til følgjande element? | Ja | Nei | Kommentar |
|----------------|--|----|-----|-----------|
| Sårbare objekt | a | | X | |
| | b | | X | |
| | c | | X | |
| | d | | X | |

| | Er det knytt risiko til følgjande element? | Ja | Nei | Kommentar |
|------------|--|----|-----|-----------|
| Samferdsel | a | | X | |
| | b | | X | |
| | c | | X | |

| | | | | | |
|--|---|--|--|---|--|
| | d | Kan området bli isolert som følge av blokkert infrastruktur, t.d. som følge av naturhendingar? | | X | |
| | e | Anna (spesifiser)? | | | |

| | | Er det knytt risiko til følgjande element? | Ja | Nei | Kommentar |
|--------------------|---|---|----|-----|---|
| Miljø/ Landbruk | a | Vil planen/tiltaket bli råka av, eller forårsake ureining i form av lyd, lukt eller støv? | X | | Det skal etablerast eit flerirbruksanlegg for motorsport, med gokart, drifting og motard som vil generere støv ved bruk. Det er utarbeidd støyvurdering for det planlagde tiltaket, Sjå nærmare beskriving i konsekvensvurderinga under punkt 5.2 i denne planomtalen. |
| | b | Vil planen/tiltaket bli råka av, eller kan skape fare for akutt eller permanent ureining? | X | | Det skal etablerast eit flerirbruksanlegg for motorsport, med gokart, drifting og motard. Køyning med bilar kan medføre fare for utforkøyning/kollisjonar der konsekvensane kan være forureining, tap av materielle verdiar, samt skade på liv og helse. Sjå nærmare beskriving i konsekvensvurderinga under punkt 5.2 i denne planomtalen. |
| | c | Vil tiltaket ta areal frå dyrka eller dyrkbar mark? | | X | |
| | d | Kan tiltaket medføre fare for spreiding av framande artar? | X | | Det er gjort observasjon av hagelupin innanfor planområdet. Sitkagran er nytta til leplanting på areal tilgrensande planområdet. Sjå nærmare beskriving i konsekvensvurderinga under punkt 5.2 i denne planomtalen. |

| | | Er det knytt risiko til følgjande element? | Ja | Nei | Kommentar |
|--|---|--|----|-----|---|
| Er området påverka/ ureina frå tidlegare bruk | a | Gruver: opne sjakter, steintippar etc.? | | X | |
| | b | Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.? | | X | |
| | c | Er det kjent forureining i området? | X | | Innanfor eigedom gbnr 8/65 var det tidlegare eit sikkerheitssenter for mellom anna brannøvingar, der det vart nytta olje og andre kjemikaliar inkludert brannskum. Undersøkingar som er gjennomført i ettertid har vist at det i overflatevatnet er forhøgde verdiar av PFOS og alifater C12- |

| | | | | |
|--|--|--|---|---|
| | | | X | <p>C35. Sjå nærmare beskriving i konsekvensvurderinga under punkt 5.2 i denne planomtalen.</p> <p>På delar av eigedom 8/35 var det tidlegare eit søppeldeponi for hushaldningsavfall. Undersøkingar som er gjennomført av overflatevatn og sigevatn har vist at det er forureining over terskelverdiane. Sjå nærmare beskriving i konsekvensvurderinga under punkt 5.2 i denne planomtalen.</p> |
|--|--|--|---|---|

| Tilsikta hendingar | Er det knytt risiko til følgjande element? | | Ja | Nei | Kommentar |
|--------------------|--|---|----|-----|-----------|
| | a | Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål? | | X | |
| | b | Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken? | | X | |
| | c | Anna (spesifiser)? | | X | |

Sjekklista er gjennomgått den **13.06.2023** av sign: **Svein Rune Notøy** (arealplanleggar, Aukra kommune).

Vedlegg 2: Forklaring av enkelte begrep nytta i planomtalen

| BEGREP | BESKRIVELSE |
|-----------------------------|---|
| Risiko og sårbarhetsanalyse | Samlebetegnelse for en rekke systematiske fremgangsmåter for å identifisere, beskrive og/eller beregne risiko og sårbarhet. |
| Risiko | Et uttrykk for den fare som uønskede hendelser representerer for mennesker, miljø og materielle verdier. Risikoen uttrykkes ved sannsynlighet for, og konsekvensene av de uønskede hendelsene (risiko = sannsynlighet x konsekvens). |
| Sårbarhet | Vurderer motstandsevnen til utbyggingsformålet, samfunnsfunksjonene, ev. barrierer, og evnen til gjenopprettelse. |
| Sannsynlighet | Et mål for hvor trolig det er at en bestemt hendelse inntreffer i planområdet innenfor et visst tidsrom. |
| Konsekvens | Et uttrykk for virkningen av en uønsket hendelse. Rangeres ut fra alvorlighetsgraden hendelsen kan påføre for tap av liv, skade på helse, miljø, og materielle verdier. |
| Avbøtende tiltak | Alle tiltak som gjennomføres for å minske sannsynlegheita for at ei uønska hending skal oppstå, og konsekvensane den uønska hendinga kan få. |
| Framandartlista | <p>Fremmedartlista er en oversikt over hvilken økologisk risiko fremmede arter utgjør i naturen og omfatter Fastlands-Norge med havområder og Svalbard med kystsoner. Oversikten er utarbeidd av artsdatabanken, og er oppdatert i august 2023 (den tidligere var fra 2018).</p> <p>I fremmedartlista 2023 er 2342 arter risikovurdert i én av følgende risikokategorier: ingen kjent risiko NK, lav risiko LO, potensielt høy risiko PH, høy risiko HI og svært høy risiko SE.</p> |
| Framand art | <p>En art betraktes som fremmed for et område, hvis tilstedeværelsen skyldes menneskelig transport (bevisst eller ubevisst) og den ikke tidligere har forekommet naturlig i området. Fremmede arter er en av de største truslene mot naturmangfoldet, både i Norge og i resten av verden.</p> <p>Begrepet fremmed art omfatter alle livsstadier, eller deler av individer, som har potensial til å overleve. Definisjonen inkluderer dermed ikke bare voksne individer, men også frø, egg, sporer eller annet biologisk materiale som kan muliggjøre at det vokser fram nye individer av arten, eller at det overføres gener.</p> |
| Artsdatabanken | Artsdatabanken er en norsk, statlig organisasjon som innhenter og sammenstiller informasjon og data om norsk naturmangfold. |